



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2473 - 15/17351

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
21.09.2015

GBNR 51/104 - Søknad om dispensasjon for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad - Høyringsbrev

Arnt Landsvik har ved søknad jurnalført 10.9.2015, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og byggeforbodet i strandsona for bygging av tilkomstveg til fritidsbustaden på gnr 51/104 på Landsvik i Meland kommune. Vegen frå ein lengde på ca 95 meter.

Planstatus:

I kommuneplanen sin arealdel (KPA) er omsøkt tomteareal vist som LNFR- område. Eigedomen gnr 51/104 er gjennom føresegne til KPA gitt status som LNF-spreidd fritidsbustad, jf tabell 9.2. For slike eigedomar er visse tiltak tillate sjølv om dei ligg i LNF-område, men veggtiltak er ikkje omfatta, jf føresegne punkt 3.2.2. Tiltaket krev soleis dispensasjon frå kommuneplanen i høve til arealføremål.

Vidare vurderer administrasjonen at tiltaket krev dispensasjon frå det generelle forbodet mot tiltak nærmare sjø enn 100 meter, jf føresegne til KPA punkt 1.6.0 og pbl § 1-8. Omsøkt tiltak er ikkje omfatta av unntaka får denne grensa i KPA, kfr særleg punkt 1.6.4.

Administrasjonen vurderer at tiltaket *ikkje* krev løyve til utvida bruk av avkjørsle frå fylkesveg 244, då tilkomsten skal etablerast via eksisterande privat veg og vidare til fylkesvegen. Statens vegvesen er likevel sjølv nærmast til å vurdere dette spørsmålet, slik at høyringsbrevet vert sendt vegvesenet for vurdering og eventuell uttale.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og pbl § 1-8, sjå vedlegg.

Nabovarsling:

Nabo er varsla og det er ikkje kome merknader.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.
I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispenseset frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førerels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Kommunen har generelt ei restriktiv haldning til etablering av tilkomstveg til fritidsbustader.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjonssøknad for bygging av vei

Nabovarsel

Kart og foto

Mottakere:

| | | | |
|------------------------------|-------------------|------|-----------|
| Statens vegvesen Region vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |
| Fylkesmannen i Hordaland | P.b 7310 | 5020 | BERGEN |
| Hordaland Fylkeskommune | Regionalavdelinga | 5020 | BERGEN |